

KLOKE HENDER TAR GREP



**FAGDAG om praktiske
arbeidsplassar,
landbruk og
gründarskap.**

FREDAG 19. AUGUST 2016

Klokka 9.30-15.30
FINNØY FLEIRBRUKSHALL
JUDABERG PÅ FINNØY

Tomatfestivalen 2016



Arrangørar:



**tomat
FESTIVALEN**

Ein  siva partnar



PROGRAM: KLOKE HENDER TAR GREP. Fredag 19. august.

Vi tar forbehold om at det kan komme noen endringer i programmet (gjeld kun enkle justeringar).



Kl. 09.30-10.00: Registrering.

Kl. 10.00: Velkommen til Finnøy v/ ordfører
Henrik Halleland

Kl. 10.05: Velkommen til fagdag v/ **Heidi Skifjell**, dagleg leiar i Ryfylke Næringshage

Kl. 10.15: Mjølkebruk i heile landet ? v/ styreleiar i TINE SA Trond Reiserstad

Kl. 11.00: Pause

Kl. 11.20: Grip dagen eller ta kvelden? *Utfordringer og muligheter i Rogaland* v/ **Regiondirektør i NHO-Rogaland Svein Olav Simonsen**

Kl. 12.00: Lunsj

Kl. 13.00: Kreativitet og Tomatkultur v/ gründar **Per Ivar Selvaag**

Kl. 13.40: Juzt Move! Vi rører på oss.

Kl. 13.50: Pause

Kl. 14.00: Framtidas tomatproduksjon v/ forskar i klimaregulert planteproduksjon **NIBIO Særheim Michel Verhuel**

Kl. 14.30: Synleg og stolt- Kloke hender tar grep. **Vi møter fem personar til samtale om hånðsarbeidsplassar og viktigheita av desse**

Kl. 15.00: Oppsummering/ presentasjon av «verdiar i tomatland» v/ Heidi Skifjell

Kl. 15.30: Slutt



Velkommen til Finnøy, dei lyse og levande øyane!



Tomatfestivalen blir i år arrangert 19.-21. august. Festivalen starter fredag 19. august med ein fagdag. Slagordet for festivalen er «Kloke hender tar grep». Vi ønskjer med dette slagordet å setje fokus på dei praktiske arbeidsplassane,- kunnskapen som ligg gøymt i dei kloke henders praktiske arbeid og gje desse næringane status.

Finnøy kommune er ein kommune kor ca 27 prosent av dei sysselsette jobbar i primærnæringane. I tillegg sysselsettar entreprenørverksemdene over 13 prosent av dei sysselsette i kommunen . Me er og ein kommune med mykje gründarskap og med over 1000 registreringar av verksemder i Brønnøysundregistra.

Så er vi den største tomatkommunen i landet! Det er vi stolte av. Over 30% av tomatene i Noreg blir produsert i Finnøy.

Meir informasjon om tomatfestivalen finn du på www.tomatfestivalen.no

Praktisk informasjon om påmelding og transport

Denne konferansen er open for alle mål-og yrkesgrupper som meiner tema vi har sett fokus på er viktig og interessant. Påmeldingsfrist er **10. august. Giro vil bli sendt ut i etterkant av fagdagen.**

Deltakaravgift: **500 kroner** og inkluderar lunsj.

Påmelding skjer på www.tomatfestivalen.no

Korleis kjem ein seg til Finnøy?

Frå Stavanger: Kjør nordover på E39 gjennom Rennfast. Etter tunnel nummer 2, ta til høgre etter ca. 600 meter på fylkesveg 519 mot Finnøy. Følg vegen og kjør så gjennom Finnøytunnelen til Finnøy. Følg 519 vidare – også til høgre i rundkøyringa etter 4 km. Kjør gjennom Judaberg sentrum, og følg vegen mot høgre til du kjem til Finnøy fleirbrukshall. Det er skilta!

Frå Haugesund: Ta ferja til Rennesøy. Ta mot venstre mot Finnøy etter ca. 7 kilometer på fylkesveg 519 mot Finnøy. Følg vegen og kjør så gjennom Finnøytunnelen til Finnøy. Følg 519 vidare – også til høgre i rundkøyringa etter 4 km. Kjør gjennom Judaberg sentrum, og følg vegen mot høgre til du kjem til Finnøy fleirbrukshall. Det er skilta

Kjem du med hurtigbåt, anten frå Stavanger eller andre plassar, gå av på Judaberg og ta beina fatt same vegen. Det er ca. 10 min. å spasere. Hurtigbåt-tider finn du på www.kolumbus.no

Dei medverkande



Per Ivar Selvaag

Per Ivar Selvaag er opprinnelig fra Fogn i Finnøy kommune. I dag arbeider han i Berkeley, California. Han er kanskje mest kjent for å ha vært sjefdesigner for Peugeot, men har i løpet av de siste to årene etablert bedriften Montaag med 32 ansatte: 20 av dem arbeider i Berkeley, 10 i Stavanger og 2 i Oslo.

<http://www.aftenbladet.no/nyheter/lokalt/stavanger/Derfor-valgte-grnderen-Stavanger-framfor-Oslo-3721702.html>



Trond Reierstad er styreleiar i TINE SA.

Frå Bondevennen 20.04.2016. Reiserstad blir gjenvalgt på årsmøte.

– Jeg er både glad og beæret over den tilliten som TINEs eiere viser meg. Vi har lagt bak oss et godt år i meierisamvirket. Samtidig vet jeg at vi står foran betydelige utfordringer i tida framover. Konkurransen øker i melkemarkedet, særlig fra utlandet. Vårt svar er fortsatt å satse på kvalitet og nyskaping til beste for forbrukerne. Da trenger melkeprodusentene gode og forutsigbare rammevilkår både for små og store bruk, sier Reierstad .

<http://www.bondebladet.no/nyhet/trond-reierstad-gjenvalgt/>



Svein Olav Simonsen er relativ ny regionaldirektør i NHO- Rogaland.

NHO har i lengre tid har stort fokus på rekruttering til yrkesfag og praktiske arbeidsplassar. Organisasjonen hevdar at Noreg treng fleire fagarbeidarar. Svein Olav er også oppteken av landbruksfylket Rogaland og at landbruket får gode ramevilkår.

<https://www.nho.no/Om-NHO/Regionforeninger/NHO-Rogaland/>



Michel Verheul er forskar i klimaregulert planteproduksjon på NIBIO Særheim.

Michel kan mykje om tomatnæringa og har forska mykje på den lille raude. I mai 2016 kom det ei gladmelding frå regjeringa. Forskarane på Særheim fekk 18,5 mill. kr. i samband med revidert statsbudsjett til eit nytt stort drivhus. Dette for blant anna å forske vidare på tomat.